



Byggeriet - betre kjend som Trøelastlageret - er ein av dei mest livskraftige handelsverksemdene i vår bygd. Ho vart starta av Tørris Myklebust allereie i 1929. No har firmaet gjennomført ein ny opprusting og avdelingsleiar Kåre Guddal på Brekketoppen kan frista med gratis maling og ein ny vare imorgon. Det er peisar og omnar produsert i Danmark og av merket Norpeis.



Kåre Guddal i ein innbydande malingsavdeling

Heile bygget har gjennomgått ein prosess som har gjort det svært tiltalande. På baksida er det nye dører og vindauge og det har kome ein innbydande fasade på plass. Inne er det avdelingar for maling og interiør som ikkje er mindre innbydande.

Kåre må sjølv kunne reknast som ein veteran i veteranverksemda ettersom han har vore i firmaet sidan 1971 og stått bak disken på Brekketoppen sidan 2000. Han er aleine i avdelingen og det ikkje planlagt nokon utviding av mannskapet der førebels. No er det 8 tilsette.

I avdelingen i Beinavikjo har det også skjedd noko - det har vorte betre plass til parkering og til å snu bilane. - Men no vil det ikkje skje meir førebels, seier Guddal.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen